

OLAVSTØL

Etter den siste store snjoskreda mellom Dals-selet og Trå-selet (Tuftena) i 1868, flytta eigarane av gnr/bnr 96/2 og gnr/bnr 96/3 sela sine lenger nordaust. Etter at dei flytta dei der, vart dei kalla **Instestølen**.

Det fyrste selt tilhøyrrer Tore Holven (96/2), det andre Atle Holven (96/3).

Oldefaren til Atle Holven, leverte surmjølk til Bjølvefossen for 8 øre literen i 1924. Det var arbeidarane ved omnane som drakk mjølka.

Vanleg buferdetid nedatt om hausten var 2 veker etter mikkjelmesse. Deretter var kyra 2 veker på Liaset, før dei buførte dei heim att.

Den siste budeia på Olastøl held til på (96/4), og stølinga varte til 1952. Hennar namn var Ingebjørg O. Seim (1879-1961), og var bestemora til Ingebjørg Kolskår.

Knut Holven (96/2) og faren Svein var dei siste som slo graset på Olastøl, og året var 1958. Det var løypestreng dei siste åra, før den tid vart høyet drege ned på sloe.

Det var på vegen til Olastøl at Gjest Bårdsen (han hadde rømt frå arresten i Skrivargarden) møtte ei ung jenta på heimveg med mjølkespann. "I enhver anden stilling end denne, havde jeg gjerne mødt den guldlukkede melkepige, thi hun var virkelig smukk" skriv han i boka si.

Olavstøl ligg på vel 700 moh, og Instestølen noko høgare. På andre sida av dalen ligg stølen Geiturdi.

Dersom ein går vidare oppover lia ifrå Instestølen, kjem ein til Stavaskard. På vegen opp til Stavaskardsnuten går ein forbi ei steinbu som ber namnet Olavsbu, etter Olav Dale. Olav og brørna hans bygde denne i 1930, men den forfall. I 1990 samla Olav ein dugnadsgjeng frå Trå og Holven, og byrja å setja steinbua i stand att. Men ein augustdag i 1990 følte ikkje Olav seg heilt frisk, og gjekk nedatt til Daleselet. Dagen etter vart han sakna, og vart funnen død i selet. Men Olavsbu står der, og er eit godt krypinn for farande folk i fjellet. Dersom ein fer vidare innover fjellet, kjem ein til Olsskavlen som ligg på 1576 moh.

Forbi Instestølen og vidare nordaust, kjem ein til Nuten og kan gå vidare til Nordebotn og Botn og ned til Espeland. Dette vil vera ein fin rundtur.

GOD TUR! Granvin Turlag

Kjelde : «*Stølane i Granvin*» av Torbjørn Seim og lokalkjende